

# Notat

Går til: Styremedlemmer  
 Selskap: Helse Vest RHF  
 Dato: 17.08.2009  
 Frå: Konstituert administrerande direktør Helge Bryne  
 Sakshandsamar: Ivar Eriksen  
 Saka gjeld: **Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker i perioden 16.05.09 - 16.08.09**

**Styresak 075/09 O**

**Styremøte 02.09. 2009**

**Administrerande direktør si orientering pkt 12**

Del 1 i oversikten gjeld saker der det statlege tilsyns-, kontroll- eller klageorgan har vendt seg direkte til Helse Vest RHF.

Oversikten inneholder

- nye saker tilsendt i perioden 16.05.09 – 16.08.09
- eldre saker dersom desse ikke var avslutta ved sist rapportering

I del 2 er det tatt inn konkrete tilsyns-, kontroll- og klagesaker som gjeld helseføretaka i regionen.

**Del 1**

Tilsynsmyndighet	Dato for brev	Kva saka gjeld	Kommentarar/status
Riksrevisjonen	29.04.09	Riksrevisjonen gjennomfører kontroll med statlege tilskott for 2008 og ser etter at det er samsvar mellom statsrekneskapen og det føretaka har motteke for tilsvarende poster.	Svarfrist for innsending av kontrollskjema er satt til 25. mai 2009.  Svar på førespurnad sendt 22. mai 2009.
	26.05.09	Forstudie knytt til forvaltnings-revisjon retta mot eideomsforvaltning av sjukehusbygg. Innhenting av opplysingar om investeringar over i eideomsmassen over 100 mill kr i perioden frå 1. januar 2003 til dags dato.	Svarfrist: 10.06.09.  Svar med oversikt over aktuelle data sendt 10. juni 2009.
	04.06.09	Forvaltningsrevisjon. Oppfølging og kvalitet i private institusjonar innan rusomsorga. Innhenting av opplysingar knytt til avtaler med private institusjonar.	Svarfrist: 30.06.09.  Svar sendt 21. juli 2009. Informasjonen er henta frå tertialrapporteringa til Helse Vest. I tillegger det henta inn informasjon om bruk av ad-hoc plasser frå helseføretaka.

<b>Statens helsetilsyn</b>	25.06.09	Statens helsetilsyn informerer i brevet om gjennomføring av ein nasjonal kartlegging av bemanning og kompetanse i bilambulanseenesta sommaren 2009.
	10.07.09	<p>Tilsynssak – korridorsenger i Psykiatrisk klinikk, Psykiatrisk divisjon, Helse Bergen. I brevet ber helsetilsynet om å få opplyst kva Helse Vest RHF gjer for å sørge for forsvarlege helsetenester til pasientar innlagt i akuttpostar/kortidsavdelingar i Psykiatrisk klinikk.</p> <p>Helsetilsynet slår fast at det, med unntak av tidsrommet 1. oktober 2007 – september 2008, frå 1999 og fram til dags dato nærmast har vore kontinuerleg bruk av korridorsengar i desse einingane. Dette er ikkje i samsvar med krava til forsvarleg verksemd.</p> <p>Frist for svar er sett til 21. august 2009, jf. eiga sak i styremøte 02.09. 2009.</p>
<b>Arbeidstilsynet</b>	22.06.09	<p>Brev til Helse Vest der det mellom anna blir orientert om at Arbeidstilsynet vil varsle pålegg til helseføretaka om tiltak for å unngå helseskadelege belastningar som følgje av ubalanse mellom oppgåver og ressursar.</p> <p>I brevet er det også vist til at det i den pågående prosessen er vurdert om og eventuelt i kva grad Arbeidstilsynet skal stille krav direkte til det regionale nivået. Bakgrunnen for vurderingane er eit ønske om at dei pålegg som blir gitt treff det nivå som har den nødvendige innflytelse til å gjere dei forbetringar som blir pålagt. Arbeidstilsynet har førebels konkludert med at det er mest hensiktsmessig og formålstenleg om pålegg blir retta direkte til det enkelte helseføretak.</p> <p>Dei helseføretak som i tilsynsrapportane frå God Vakt-tilsyna i 2008 fikk merknadar om ubalanse mellom oppgåver og ressursar vil innan utgongen av juni 2009 få varsel om pålegg om å utbetre forholdet.</p>
<b>Datatilsynet</b>		Det er ikkje motteke saker frå Datatilsynet i perioden.
<b>Klagenemnda for offentlige anskaffingar</b>		Helse Vest RHF har ingen saker til behandling for klagenemnda.
<b>Sivilombudsm.</b>		Det er ikkje motteke saker frå Sivilombudsmannen i perioden.

## Del 2

Tilsynsmyndighet	Dato for brev	Kva saka gjeld	Kommentarar/status
<b>Riksrevisjonen</b>		Det er ikkje motteke saker frå Riksrevisjonen i perioden.	
<b>Statens helsetilsyn</b>	03.10.08 23.01.09	<p>Jæren DPS, Kløver 1. Melding om tilsyn med behandling av legemiddel utan eige samtykke onsdag 10.12.08. Tilsynet vil omfatte korleis verksemda sikrar ein forsvarleg behandling med legemiddel utan eige samtykke.</p> <p>Oversending av rapport. Ved tilsynet blei det påpeika 4 avvik:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Jæren DPS sikrar ikkje at vedtak om behandling med legemidlar utan eige samtykke alltid blir gjort og utforma i samsvar med regleverket</li> <li>- Jæren DPS sikrar ikkje at pasientane sine pårørande blir skriftleg meddelt om vedtaket</li> </ul>	

		<ul style="list-style-type: none"> <li>- Jæren DPS sikrar ikkje at protokollen er tilfredsstillande ført</li> <li>- Jæren DPS sikrar ikkje at leger som gjer vedtak har tilfredsstillande kunnskap i helseovgjevinga med særleg vekt på psykisk helsevernlov</li> </ul> <p>Jæren DPS er gitt frist til 1. april 2009 med å gi melding om kva tiltak som blir gjort for å rette på avvika.</p> <p>Brev frå Jæren DPS der det blir gjort greie for dei tiltak som er sett inn for å lukke avvika.</p> <p>Brev frå helsetilsynet. Avvik 2 og 4 er lukka. For avvik 3 vil tilsynet sjå nærmere på saka. For avvik 1 konkluderer tilsynet med at det framleis rår usikkerheit med omsyn til fortolking av myndigheitkravet og ytterlegare tiltak blir etterspurd.</p>
	<p>03.10.08</p> <p>26.01.09</p> <p>28.05.09</p>	<p>Helse Stavanger HF, Psykiatrisk divisjon, A2. Melding om tilsyn med behandling av legemiddel utan eige samtykke fredag 12.12.08. Tilsynet vil omfatte korleis verksemda sikrar ein forsvarleg behandling med legemiddel utan eige samtykke.</p> <p>Oversending av rapport. Ved tilsynet blei det påpeika 2 avvik:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- SUS sikrar ikkje at pasientane sine pårørande blir skriftleg med delt om vedtak</li> <li>- SUS sikrar ikkje at protokollane er tilfredsstillande ført</li> </ul> <p>Helse Stavanger er gitt frist til 1. april 2009 med å gi melding om kva tiltak som blir gjort for å rette på avvika.</p> <p>Brev frå helsetilsynet der det blir opplyst at dei tiltaka som er sett i verk for å lukke avvik 1 er vurdert som tilstrekkelige. Med omsyn til lukking av avvik 2 vil helsetilsynet avvente lukking til det er mottatt tilbakemelding frå Helsedirektoratet.</p>
	<p>15.11.08</p> <p>23.01.09</p> <p>03.03.09</p>	<p>Oversending av rapport frå tilsyn ved Hagahaugen Rehabiliteringssenter 21. oktober 2008. Ved tilsynet blei det påpeika eit avvik frå krav i helseovgjevinga:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Hagahaugen har ikkje rutinar for at det blir gjort medisinsk faglege vurderingar av alle pasientar ved innkomst og utskriving.</li> </ul> <p>Hagahaugen er gitt frist til 1. februar 2009 med å gi melding om kva tiltak som blir gjort for å rette på avviket.</p> <p>Svarbrev frå Hagahaugen. Institusjonen arbeider med å auke legedekninga. Uttalt at ein vil gå i dialog med Helse Vest for å få tilført meir ressursar som kan dekke auke i legestilling til 80 %.</p> <p>Helsetilsynet ber om å få opplyst kva tiltak som blir set i verk for å rette avviket med eksisterande ressursar og kva tid verksemda vil evaluere korleis desse tiltaka fungerar. Svarfrist er sett til 1. april 2009.</p>
	25.02.09	Melding om tilsyn med Sola DPS 20.-21. april 2009. Tilsynet omfattar rutinar og tiltak for å sikre forsvarleg pasientbehandling i samband med <ul style="list-style-type: none"> <li>- vurdering og prioritering av nye pasientar</li> <li>- utgreiing</li> <li>- behandling og oppfølging</li> </ul>

	09.06.09	<p>Rapport frå tilsynet med Sola DPS. Ved tilsynet blei det påpeikt tre avvik:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Praksis på å avvise og gi avslag på søknadar til poliklinikk og sengepostar samsvarar ikkje alltid med føresegne i lov om pasientrettar.</li> <li>• Sola DPS har ikkje tilstrekkeleg styring med den utgreiing og behandling som skjer ved poliklinikken.</li> <li>• Journalane ved Sola DPS inneheld ikkje alltid nødvendige og tilstrekkelege opplysingar.</li> </ul> <p>Helse Stavanger er gitt frist til 1. september 2009 med å gi melding om kva tiltak som blir sette i verk for å rette avvika.</p>
	26.02.09	Melding om tilsyn med Ryfylke DPS 22.-23. april 2009. Tilsynet omfattar rutinar og tiltak for å sikre forsvarleg pasientbehandling i samband med <ul style="list-style-type: none"> <li>- vurdering og prioritering av nye pasientar</li> <li>- utgreiing</li> <li>- behandling og oppfølging</li> </ul>
	16.06.09	<p>Rapport frå tilsynet med Ryfylke DPS. Ved tilsynet blei det påpeikt tre avvik:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ryfylke DPS har ikkje sørga for tilstrekkeleg spesialistkompetanse.</li> <li>• Alle prosedyrar er ikkje kjent for alle tilsette.</li> <li>• Det blir ikkje skrive journal(notat) av behandler (lege eller psykolog) på alle pasientar som blir lagt inn ved sengeposten.</li> </ul> <p>Helse Stavanger er gitt frist til 10. september 2009 med å gi melding om kva tiltak som blir sette i verk for å rette avvika.</p>
	12.03.09	<p>Rapport frå tilsyn med vikarordningane ved Nordfjord sjukehus.</p> <p>Ved tilsynet blei det påpeika eitt avvik:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Helse Førde si handtering av den auka risikoen ved den samla vikarbruken på Nordfjord sjukehus er ikkje tilfredsstillande.</li> </ul>
	12.03.09	<p>Rapport frå tilsyn med vikarordninga ved Lærdal sjukehus.</p> <p>Ved tilsynet blei det påpeika eitt avvik:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Helse Førde si handtering av den auka risikoen ved den samla vikarbruken på Lærdal sjukehus er ikkje tilfredsstillande.</li> </ul>
	21.04.09	<p>Tilsynsrapport, blodbankverksemrd ved Voss sjukehus. Ved tilsynet blei det påpeika eitt avvik.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Helse Bergen sikrar ikkje at blodbankverksemda ved Voss sjukehus er i tråd med krava i blodbankforskrifta innanfor dei reviderte områda. Internkontrollen/kvalitetsstyringssystemet ivaretok ikkje leiinga sitt ansvar for at dette skal vere styrt prosessar som skal bli følgd opp på einsystematisk måte.</li> </ul>
	28.04.09	<p>Rapport frå tilsyn med Helse Fonna HF, Medisinsk klinikk 19. – 20. mars 2009. Ved tilsynet blei det påpeikt tre avvik frå krav i helselovgjevinga:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Det er ikkje lagt til rette for at tilvisingar alltid blir vurderte og at pasientane får informasjon om utfallet</li> </ul>

		<p>av vurderinga i samsvar med krav i pasientlova og spesialisthelsetenestelova.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ein sikrar ikkje at alle pasientar med rett til nødvendig helsehjelp får behandling innan den tid som er vurdert som fagleg forsvarleg.</li> <li>• Ventelister inneholder ikkje opplysingar som er nødvendige for oversikt og styring av aktivitet.</li> </ul> <p>Helse Fonna er gitt frist til 15. juni 2009 med å gi melding om kva tiltak som blir sette i verk for å rette avvika.</p>	
	05.06.09	Melding om tilsyn med handtering avvik ved Stavanger Universitetssjukehus, intensiv avdelinga, post IH, torsdag 24. og fredag 25. september 2009. Tema for tilsynet er avvikshandtering relatert til levering av helsetenester.	
	12.06.09	<p>Rapport frå tilsyn med Øyane DPS 12. og 13. mai 2009. Ved tilsynet blei det påpekt fire avvik:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Øyane DPS manglar tilstrekkeleg medisinsk/psykiatrisk kompetanse</li> <li>• Fleire pasientar ved Øyane DPS får ikkje forsvarleg utgreiing og behandling.</li> <li>• Ansvar som ligg til leiar av poliklinikk (seksjonsleiar) og seksjonsleiar for rehabiliteringsteamet blir oppfatta forskjellig av fleire tilsette.</li> <li>• Praksis med å gi avslag på søknadar samsvarer ikkje alltid med føresegnehene i lov om pasientrettar.</li> </ul> <p>Helse Bergen er gitt frist til 1. september 2009 med å gi melding om kva tiltak som blir sette i verk for å rette avvika.</p>	
	17.07.09	Helse Førde HF. Bemanning og kompetanse i ambulansetenesta – pålegg om rapportering. Med bakgrunn i Helse Førde sine svar i kartleggingsundersøkinga sommaren 2009 samt tidlegare opplysingar helsetilsynet har motteke om bemannings- og kompetanseproblem ved ambulansetenesta i Helse Førde, er det uklart for Statens helsetilsyn om tenesta blir drive forsvarleg. Statens helsetilsyn har derfor funnet det nødvendig å pålegge Helse Førde å rapportere kvar veke om ambulanseressursar, kompetanse og bemanning.	
	30.07.09	Helsetilsynet viser til Helse Førde si orientering i innsende dokument og sett til side pålegget om rapportering kvar veke. Det blir samtidig bedt om ny rapportering innan 1. oktober 2009.	
<b>Arbeidstilsynet</b>	19.06.09	Helse Bergen HF. Varsel om pålegg knytt til sjukehuskampanjen "God Vakt!". Avvik knytt til ubalanse mellom oppgåver og ressursar.	
	22.06.09	Helse Stavanger HF. Varsel om pålegg knytt til sjukehuskampanjen "God Vakt!". Avvik knytt til ubalanse mellom oppgåver og ressursar.	
	23.06.09	Helse Fonna HF. Varsel om pålegg knytt til sjukehuskampanjen "God Vakt!". Avvik knytt til ubalanse mellom oppgåver og ressursar.	
<b>Datatilsynet</b>		Det er ikkje registrert nye saker i perioden.	
<b>Statens strålevern</b>		Det er ikkje registrert nye saker i perioden.	
<b>Klagenemnda for</b>	13.11.08	Helse Stavanger HF. Saka gjeld	Avgjort 8. juni 2009.

<b>offentlige anskaffingar</b>		ein open anbodskonkurranse for kjøp av tenester knytt til behandlingshjelpe midlar. Klager hevder at oppdragsgivar sin tilbodsevaluering er mangefull på ein rekke punkt. Vidare blir det hevda at oppdragsgivar sin klagebehandling og nærare grunngjeving ikkje tilfredsstillar krava i regelverket.	Klagenemnda kom til at Helse Stavanger hadde brote kravet til forutberegnlighet ved å gjere ein vilkårleg karaktersetting under tildelingskriteriet totalkostnad, og at dette utgjorde ein vesentleg feil.
	28.05.09	Helse Bergen HF. Saka gjeld open anbodskonkurranse for innkjøp av teknisk rådgiving i tilknyting til oppføring av Kronstad DPS.	Avgjort 20. juli 2009. Klagenemnda kom til at det ikkje hadde funne stad brot på regelverket.
	14.06.09	Helse Bergen HF. Saka gjeld ein open anbodskonkurranse for kjøp av pasienttransport. Klager hevder at Helse Bergen har endra konkurransegrunnlaget vesentleg etter utløp av tilbodsfristen, og at dette prinsipalt skulle medføre ein plikt til å avlyse konkurransen, subsidiært ein plikt til å utsette konkurransen i 14 dagar slik at alle tilbydarane fikk moglegheit til å ta omsyn til endringane. Klager er Taxi 1 AS.	Avgjer føreligg ikkje.
<b>Sivilombudsmannen</b>		Det er ikkje motteke nokre saker frå Sivilombudsmannen i perioden.	